

Månadsbrev mai 2020


Nå er det på tide med eit månadsbrev, sjølv om me er eit stykke uti mai. Heldigvis er alle elevar og lærarar attende på skulen! Dei er svært velkomne! Fjernundervisning var greitt, men det store fleirtalet er kjempeglade for å vera attende til (mest) "normalen". Elevane vaskar seg titt og ofte, held avstand og arbeider svært godt.

Me skal framleis halda avstand, så SMU- og SU-møtet i veke 20 er utsett, men ungdomsrådet har hatt sitt møte på skjerm i mai. Alle foreldrekonferansar er gjennomførte, og nå blir det kartleggingsprøvar i lesing for 1.-3. klasse og i rekning for 2. klasse. 5.-7. klasse har ekskursjon på sykkel til Dorgefoss 15. mai, og det blir onsdagsskule for 1.-4. klasse 20. mai. Det vert innskriving for neste års førsteklasingar 27. mai.

Årsprøvene for 8. og 10. klasse er utsette til veke 24; engelsk 9. juni, norsk hovudmål og sidemål 10. og 11. juni og matematikk 12. juni. Då har 10. klasse vore på avslutningstur i Noreg i veke 22, rett etter Kristi himmelfartshelga, saman med Terje. Det vert avslutningsfest for 10. og kanskje 9. klasse onsdag 17. juni (med avstand).

Skuleruta for neste skuleår er lagt ut på heimesida.

Ha ein strålende 17. mai, ei flott Kristi himmelfartslanghelg og ein fin vår vidare!



Sinnes 12.05.20, *Åse-Berit* (rektor)